



**ØY
GARD
EN**



SKULEBIBLIOTEK-STANDARD

FOR GRUNNSKULANE I ØYGARDEN KOMMUNE


INNHALDSLISTE

Side 3: Forord
Side 4: Forankring
side 5: Ansvarsområde: skulebibliotektenesta
Side 6: Plakat: Ansvarsområde for leiing

Side 7: **Ansvarsområde: barneskule**
Side 8: Plakat: Ansvarsområde for *skulebibliotekar*
side 9: Plakat: Ansvarsområde for *lærar*
Side 10: Lesetid på skulen og heime

side 11: **Ansvarsområde: ungdomsskule**
Side 12: Plakat: Ansvarsområde for *skulebibliotekar*
Side 13: Plakat: ansvarsområde for lærar
Side 14: Lesetid heime og på skulen

Side 15: Plakat: lesekvart-aktivitetar
Side 16: Plakat: 30 grunnar til å lese
side 17: plakat: Kvalitetskriterium for skulebibliotek



FORORD

Skulebibliotekstandarden er utvikla for å styrke kvaliteten på skulebiblioteka i heile Øygarden kommune og sikre eit likeverdig tilbod til alle elevar – uavhengig av bakgrunn eller skule. Standarden skal vere eit praktisk og tydeleg verktøy for skulane, og bidra til at skulebiblioteka blir ein integrert og naturleg del av den pedagogiske kvardagen.

Skulebiblioteket er ein viktig arena for leselyst, læring og danning. Med denne standarden ønskjer vi å styrke den bibliotekfaglege ressursen i skulane, og løfte skulebiblioteket som ein del av det systematiske arbeidet for auka leseglede.

Standarden gjer greie for kva ansvar og roller som ligg hos koordinerings-tenesta, skuleleiinga, skulebibliotekarane og lærarane – slik at alle kan bidra til eit velfungerande skulebibliotek.

Ein nøkkelfaktor for å skape gode lesevanar og auke leseengasjement er å setje av tid til lesing kvar dag. Målet vårt er #daglegleseglede – der lesing i sjølvvald litteratur blir ein fast og naturleg del av skule- og heimekvardagen. Når elevar får tid til å lese dagleg, utviklar dei både leselyst, konsentrasjon og uthald i møte med lengre tekstar.

Skulebibliotekararbeid omfattar både drift og pedagogisk utviklingsarbeid. Ein aktiv og oppdatert boksamling, godt organisert bibliotek og open tilgang for elevane er viktige element i drifta. Det pedagogiske arbeidet handlar om å knyte biblioteket tett til læreplanen, fagfornyinga og skulens årshjul – og å bidra til å skape lesekultur og fagleg djupnelæring i alle fag.

Standarden er eit steg på vegen mot eit styrkt skulebibliotektilbod i Øygarden. Han skal vere eit felles utgangspunkt for gradvis forbetring, og for å sikre at alle elevar får møte eit skulebibliotek som inspirerer til lesing, læring og livslang kunnskapsglede.

FORANKRING

SKULEBIBLIOTEKET SOM PEDAGOGISK RESSURS

- Skuleleiinga er godt kjend med lov og forskrift om skulebibliotek og ser verdien av eit godt skulebibliotek.
- Skulebiblioteket skal fungere som eit læringssenter og vere ein integrert og varig del av den pedagogiske verksemda til skulen.
- Skulebiblioteket er gjort tydeleg i planane til skulen.
- Skulen har gode rutinar for samarbeid mellom skulebibliotekar og lærarar.
- Skulebiblioteket fungerer som ein trygg og sosial møteplass for elevane.

RAMMENE TIL SKULEBIBLIOTEKET

- Skulebiblioteket bør vere ope og bemanna: 2 timer i veka + 0,5 timar per påbegynte 50 elevar. **Døme:** $150 \text{ elevar} = 2 + 0,5 + 0,5 + 0,5 = 3,5 \text{ timer i veka}$
- Elevambassadørar bemannar skulebiblioteket i friminutt.
- Skulebibliotekaren bør ha bibliotekfagleg eller pedagogisk utdanning.
- Skulebiblioteket er eit innbydande rom og har ein sentral plassering på skulen.
- Rektor set av eit årleg bokbudsjett for skulebiblioteket. **Rettleiande:** Minimum éi bok per elev, per år.

SKULEBIBLIOTEKET SI ROLLE FOR ELEVANE SI LÆRING

- Skulebiblioteket spelar ein viktig rolle i arbeidet med å utvikle språk- og lesekompetanse til elevane.
- Skulebiblioteket har ei sentral rolle når det gjeld å lære opp elevane i informasjonskunnskap, kritisk tenking og kjeldebruk.
- Skulebiblioteket er ein arena for litteraturformidling med eit variert utval av oppdatert skjønn- og faglitteratur som stimulerer til lesing.
- Skulebiblioteket har eit godt utval av litteratur på ulike språk tilpassa elevgruppa.



ANSVARsområde:

SKULEBIBLIOTEK- TENESTA

SAMLINGSUTVIKLING OG SYSTEM

- Bistår skulane i bruk og administrasjon av Biblioofil.
- Støttar skulane i samlingsutvikling, som kassering, kategorisering og merking av bøker.
- Utviklar innkjøpslister med relevant litteratur som skulane kan bruke ved bokkjøp.
- Tilbyr temakassar i tråd med kjerneelementa i overordna del av læreplanverket.

KOMPETANSE OG NETTVERK

- Legg til rette for faglege nettverk
- Legg til rette for og arrangerer kurs for skulebibliotekarar
- Samarbeid med Språkkommunen

SAMARBEID OG UTVIKLING

- Søker om tilskot til skulebibliotek, på vegne av kommunen i samarbeid med oppvekst.
- Er eit bindeledd mellom kultureininga og oppvekst.
- Samarbeider med leiinga i oppvekst for å styrke skulebibliotektenesta i kommunen.

ANSVARSRÅDE: LEIING

LEIING OG ORGANISERING

- Legg til rette for at skulebiblioteket har god bemanning, opningstider og ressursar.
- Har ansvar for at det blir utarbeidd ein lokal skulebibliotekplan.
- Etablerer faste møtepunkt og rutinar for samarbeid mellom skulebibliotekar, lærarar og leiing.
- Legg til rette for at skulebibliotekaren får tid på fellestid med jamne mellomrom.

LESING OG INNHOLD

- Prioriterer lesing som ein grunnleggjande ferdigheit i skulekvardagen.
- Sørgjer for at alle trinn bruker sin timeplanfesta bibliotektime.
- Sørgjer for eit mangfaldig bokutval, slik at alle elevar kan finne tilpassa bøker.
- Bidreg til at leseengasjement, lesetid og lesevanar er tema på foreldremøte.

KOMPETANSE OG SAMARBEID

- Sikrar at skulebibliotekaren har relevant kompetanse og får høve til vidareutvikling gjennom nettverk.
- Sikrar at lærarar får opplæring i korleis dei kan bruke skulebiblioteket som pedagogisk ressurs.
- Ser til at skulebibliotekaren deltek i fellesmøte for å vere oppdatert på lokal læreplan og utvikling av årshjul.
- Planlegg saman med lærarar og skulebibliotekar korleis biblioteket skal integrerast i arbeidet med læreplanverk.
- Støttar aktiv bruk av skulebiblioteket i undervisninga og legg til rette for godt samarbeid mellom lærarar og skulebibliotekar.



**ANSVARsomRÅDE:
BARNESKULE**

ANSVAR SOM RÅDE:

SKULEBIBLIOTEKAR

SAMARBEID MED LÆRARANE

- Hjelper til med val av litteratur på rett nivå
- Planlegg og gjennomfører lesestimulerande tiltak, til dømes bokprat og bokkafé
- Legg til rette for faste leseprosjekt for kvart trinn i samarbeid med lærarane. Sjå tips i rettleiarheftet.
- Timeplanfestar bibliotekstime for alle klassar saman med lærarane/leiinga.
- Hjelper lærarane å finne temabasert litteratur knytt til skulen sitt årshjul.
- Gjennomfører og modellerer bibliotekstime for kollegaar.

DRIFT OG UTVIKLING

- Gjer innkjøp av relevant litteratur.
- Held biblioteket ryddig og boksamlinga oppdatert.
- Kategoriserer og merkar bøker
- Har god kjennskap til BiblioFil.

INFORMASJON OG KJELDEKRITIKK

- Legg til rette for arbeid med informasjonssøk og kjeldekritikk.

ELEV MEDVERKNAD OG TRIVSEL

- Tilset og følgjer opp elevambassadørar som hjelper til med praktisk arbeid.
- Skaper ein god atmosfære i skulebiblioteket - eit trygt og inkluderande rom.
- Er medviten om at skulebiblioteket er ein del av det psykososiale miljøet (jf §9a-1.*1).

PLANLEGGING OG UTVIKLING

- Utviklar og følgjer opp skulebiblioteket i samsvar med kommunal standard, lokal skulebibliotekplan og skulen sitt årshjul.
- Utarbeidar lokal skulebibliotekplan i samarbeid med leiinga.
- Støttar aktivt opp om lokal leseplan, leseopplæringa, og læreplan.

NETTVERK OG SAMARBEID

- Samarbeidar med skulebibliotek-tenesta og andre skulebibliotek i kommunen.
- Deltek og bidreg på fire årlege nettverkssamlingar i regi av skulebibliotek-tenesta

ANSVAR SOMRÅDE:

LÆRAR

SKULEBIBLIOTEKET I UNDERVISNINGA

- Brukar skulebiblioteket kvar veke
- Planlegg bibliotektimen på lik linje med andre undervisningstimar.
- Brukar biblioteket som ein naturleg del av arbeid med fag, tverrfaglege tema og fordjuping.
- Sikrar at bruk av biblioteket er synleg i både skulen og elevane sine planar.

STYRKING AV LESING OG LESEGLEDE

- Timeplanfestar lesetid på skulen av valfri litteratur kvar dag.
- Følgjer opp med aktivitetar som styrkar lesefellesskapet.
- Er eit lesande førebilete, og les sjølv i lesetida.
- Legg til rette for lesing i valfri litteratur heime.

STYRKAR ELEVANE SINE FERDIGHEITAR I INFORMASJONSKOMPETANSE

- Brukar skulebiblioteket aktivt i arbeid med informasjonssøk og kjeldekritikk.

SAMARBEID MED SKULEBIBLIOTEKAREN

- Brukar skulebiblioteket i tråd med lokal skulebibliotekplan og årshjul.
- Gjennomfører lesestimulerande tiltak som bokprat, bokkafé og leseutfordringar.
- Utviklar faste leseprosjekt på kvart trinn gjennom året.
- Finn engasjerande og tilpassa litteratur til elevane.

ELEV MEDVERKNAD OG ELEVANE SITT SKULEMILJØ

- Ser skulebiblioteket som ein ressurs for å fremje eit godt psykososialt miljø (jf. opplæringslova §9a-1).
Legg til rett for at elevar i klassen kan søkje om å få bli elevambassadørar.


FAST LESETID FOR ALLE TRINN

På skulen

Lesetid i sjølvvald
litteratur er ein fast del
av timeplanen: 20 minutt
kvar dag

Heime

Lesetid i sjølvvald
litteratur står på lekse-
eller vekeplanen: 20 minutt
kvar dag



**ANSVARsområde:
UNGDOMSSKULE**

ANSVAR SOMRÅDE:

SKULEBIBLIOTEKAR

PLANLEGGING OG UTVIKLING

- Utviklar og følgjer opp skulebiblioteket i tråd med kommunal standard, lokal skulebibliotekplan og skulen sitt årshjul.
- Utarbeidar lokal skulebibliotekplan i samarbeid med leiinga.
- Støttar aktivt opp om lokal leseplan, leseopplæringa og læreplanen.
- Fremjar leselyst og støttar val av litteratur på rett nivå.

ELEV MEDVERKNAD OG TRIVSEL

- Tilset og følgjer opp elevambassadørar som hjelper til med praktisk arbeid.
- Skapar ein god atmosfære i skulebiblioteket – eit trygt og inkluderande rom.
- Er medviten om at skulebiblioteket er ein del av det psykososiale miljøet (jf. §9a-1).

INFORMASJON OG KJELDEKRITIKK

- Legg til rette for arbeid med informasjonssøk og kjeldekritikk.

SAMARBEID OG NETTVERK

- Samarbeidar med skulebibliotek-tenesta og andre skulebibliotek i kommunen.
- Deltak og bidreg på fire årlege nettverkssamlingar i regi av skulebibliotek-tenesta.

SAMARBEID MED LÆRARANE:

- Planlegg og gjennomfører lesestimulerande tiltak, som til dømes bokprat og bokkafé.
- Legg til rette for faste leseprosjekt for kvart trinn i samarbeid med lærarane.
- Legg til rette for at alle klassar får bruke biblioteket regelmessig, i samarbeid med lærarar eller leiing, og i samsvar med skulen sine planar.

DRIFT OG UTVIKLING

- Gjer innkjøp av relevant litteratur.
- Held biblioteket ryddig og boksamlinga oppdatert.
- Kategoriserer og merkar bøker.
- Har god kjennskap til Biblioofil.

ANSVAR SOM RÅDE: LÆRAR

SYSTEMATISK BRUK AV SKULEBIBLIOTEKET

- Planlegg bibliotek-økter på lik linje med andre undervisningstimar.
- Brukar biblioteket som ein naturleg del av arbeid med fag, tverrfaglege tema og fordjuping.
- Sikrar at bruk av biblioteket er synleg i både skulen og elevane sine planar.

STYRKAR LESING OG LESEGLEDE

- Timeplanfestar lesetid på vekeplanen, og legg til rette for lesing i valfri litteratur – både på skulen og heime.
- Følgjer opp med aktivitetar som styrkar lesefellesskapet.
- Er sjølv eit lesande førebilete i lesetida.

STYRKAR ELEVANE SINE FERDIGHEITER I INFORMASJONSKOMPETANSE

- Brukar skulebiblioteket aktivt i arbeid med informasjonssøk og kjeldekritikk.

SAMARBEID MED SKULEBIBLIOTEKAREN

- Brukar skulebiblioteket i tråd med lokal skulebibliotekplan og årshjul.
- Gjennomfører lesestimulerande tiltak som bokprat, bokkafé og leseutfordringar.
- Gjennomfører leseprosjekt på kvart trinn gjennom året.
- Finn engasjerande og tilpassa litteratur til elevane.

STØTTAR ELEVANE SITT SKULEMILJØ

- Ser skulebiblioteket som ein ressurs for å fremje eit godt psykososialt miljø (jf. opplæringslova §9a-1).


FAST LESETID FOR ALLE TRINN

På skulen


Lesetid i sjølvvald
litteratur er ein fast del
av timeplanen: 20 minutt,
3-5 dagar i veka

Heime

Lesetid i sjølvvald
litteratur står på
vekeplanen: 20 minutt 3-5
dagar i veka




Tips til aktivitetar som styrker lesefellesskapet i lesekvarten




1. Les med blyant i handa

Elevane kan få eit oppdrag om å notera noko frå teksten som dei skal dela med klassen. Det kan vera å skriva ned ei setning, eit ord, noko som var morosamt, trist eller rart frå boka dei les i.




2. Snakk om det som er lest

Etter at elevane har lest stille i kvar si bok, kan elevane snakka saman om det dei har lese. Som ein samtalestartar kan læraren be elevane dela ei setning eller to frå boka.



3. Del lesetips

Som ei avslutning på lesekvarten kan elevane koma med boktips. Dette kan dei gjera i plenum, i mindre grupper eller to og to.



4. Vis interesse for det elevane les

Det kan gjerast på fleire måtar:

a.) Læraren kan gå rundt og spørja enkeltelevar om handlinga i boka, og kva dei trur skjer vidare.


b.) Læraren kan lesa eit kort utdrag frå enkeltelevar sine bøker høgt i klassen, og kommentera utdraget.

c.) Læraren kan henga opp framsider av bøkene som elevane les. Då blir det synleg at elevane er eit lesande fellesskap.




5. Ver eit lesande førebilete

For å styrka lesefellesskapet kan læraren også lesa stille i eiga bok saman med elevane.



7. Gjer valet av bok overkommeleg

For mange elevar kan eit stort utval av bøker i biblioteket gjera det vanskeleg å velja. Samarbeid gjerne med ein bibliotekar om å setja fram bøker å velja mellom, eller lag eit lite klassebibliotek.




6. Les ein annan plass

Alt elevane treng i lesekvarten er ei bok. Det betyr at dei ikkje treng å sitja ved pulten. Å variera plassen ein les på, kan forsterka lesefellesskapet.

30 GRUNNAR TIL Å LESE

Å LESE GJER AT DU....

1. LÆRAR DEG NYE TING
2. HAR NOKO Å FINNE PÅ UANSETT KOR DU ER
3. LÆRAR OM VERDA
4. TØR Å TENKJE NYE TANKAR
5. LÆRAR OM ANDRE MENNESKE
6. IKKJE KJEDAR DEG
7. BLIR MOROSAMARE Å SNAKKE MED
8. BLIR FLINKARE TIL Å SKRIVE
9. FÅR BETRE KONSENTRASJONSEVNE
10. BLIR UNDERHALDT
11. FORSTÅR BETRE KVA ANDRE TENKJER OG MEINAR
12. BLIR VANSKELEGARE Å LURE
13. KAN REISE I FANTASIEN
14. SLAPPAR AV OG BLIR MINDRE STRESSA
15. KAN REISE FRAM OG TILBAKE I TID
16. FÅR BETRE SPRÅK
17. SKJØNAR KORLEIS ANDRE HAR DET
18. KLARER DEG BETRE PÅ SKULEN
19. TENKJER MEIR KRITISK
20. BLIR SMARTARE
21. FORSTÅR FAGA BETRE
22. FÅR BETRE ARGUMENT
23. FÅR OPPLEVE ANDRE KULTURAR
24. HELD DEG OPPDATERT
25. KLARER DEG BETRE I LIVET
26. ALLTID HAR NOKO Å SNAKKE OM
27. UTVIKLAR FANTASIEN
28. BLIR NYSGJERRIG
29. DELAR OPPLEVINGAR MED ANDRE
30. BLIR KLOK!



ØY
GARD
EN



Kvalitetskriterium for skulebibliotek:		Ikkje så god	God	Svært god
Korleis er situasjonen på <i>din</i> skule?				
1.	Tydeleg prioritering av bibliotek i leiinga			
2.	Systematisk samarbeid mellom lærar og skulebibliotekar			
3.	Pedagogisk bruk av biblioteket er nedfelt i ein lokal skulebibliotek-plan			
4.	Pedagogisk bruk av biblioteket er nedfelt i eit årshjul			
5.	Tilstrekkeleg personalressurs			
6.	Innbydande og funksjonelt bibliotekrom			
7.	Aktuell og variert boksamling			
8.	Opningstider i samsvar med kommunal skulebibliotek-standard			
9.	Nyttar Bibliofil			
10.	Deltaking i skulebibliotek-nettverk			
11.	Har fokus på utstillingar som freistar til lystlesing			
12.	Arrangement i form av skulesamlingar på tvers av trinn/fadderlesing/bokpresentasjonar			
13.	Delteik i leseaksjonar gjennom skuleåret			
14.	Utarbeidar og gjennomfører lokale leseprosjekt på alle trinn			
15.	Samarbeid med folkebiblioteket			
16.	Integrert i utviklingsarbeid/prosjekt på skulen			



HEMESIDA TIL SKULEBIBLIOTEK-TENESTA:

